

Oppstart av kyrkjekoret Nordmadrigal på mandag.

31.08.2016



Dyktig musikar og dirigent! Frå konserten sist mandag; no er ho klar som dirigent for kyrkjekoeret og.

Gjennom våren og sommaren har Eva Megyesi arbeidd med førebuingane til oppstarten av eit nytt kyrkjekor for Kvinnherad, Nordmadrigal. Mandag 5.september kl.19 er det endeleg klart for første øving i Uskedal kyrkje. Mange har meldt seg som medlemmer, men Eva ønskjer framleis fleire songarar.

Eva Megyesi er svært fornøgd med responsen ho har fått, og ho ser veldig fram til å koma i gang. Øvingane vert kvar mandag mellom kl.19 og 21 i Uskedal kyrkje. Om repertoaret seier Eva at det kan vera samansett av alt som inngår i kyrkjemusikken. Det kan vera liturgiske sangar, gamle og nye salmar både norske og internasjonale, og litt gospel. Ho seier at det er så mykje fint å velja i innan kyrkjemusikken.

Ho understrekar også at dette er eit supplement, og slett ikkje ein konkurrent, til eksisterande kor. Det har meldt seg songarar frå store deler av Kvinnherad, og sjølv om responsen har vore god, ønskjer ho framleis fleire songarar i koret, og formulerer det slik: '*Kem kan komme å synge i koret? ALLE mennesker, fra heile kommunen som elsker å synge god musikk.*'

Dei som ønskjer å vera med i koret, eller har spørsmål, kan ta kontakt med Eva Megyesi, på mobil 955 20 899 eller på e-post: micacica@online.no, eller dei kan rett og slett møta opp på første øving i Uskedal kyrkje mandag 5.september kl.19.

Dirigentjobben som Eva Megyesi har i koret Nordmadrigal, går inn i kantorstillinga hennar. I tillegg til denne stillinga er ho framleis dirigent for Rosendal songlag.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland